

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
FAST UTVAL FOR PLANSAKER	14.03.2022	014/22

Saksansvarleg: Rådmann Åse Elin Hole

Saksbehandlar: Ruth Elisabeth Blakstad

Arkiv: K2 - L12

Arkivsaknr 22/139

1. gongs handsaming - Detaljregulering Hellesyltåsane

Rådmannen si tilråding:

Stranda kommune tilrår oppstart av arbeid med detaljregulering av Hellesyltåsane.

14.03.2022 FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA- 014/22 Vedtak:

Stranda kommune tilrår oppstart av arbeid med detaljregulering av Hellesyltåsane.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Med bakgrunn i oppstartsmøte 17.01.2022 har Norconsult på vegne av forslagsstiller Stranda kommune kome med eit planforslag for oppstart av detaljreguleringsplan av Hellesyltåsane, Hellesylt. Målet med planen er å leggje til rette for moderne bustader og infrastruktur. Det vil byggjast ny veg etter gjeldande plan.

Saksopplysningar

Planområdet er del av eksisterende reguleringsplan for Ringdalsåsane frå 1982. Her er området regulert til bustader og friluftsområde. Dermed vil planforslaget samsvare med overordna plan. Planforslaget utløyser ikkje krav til konsekvensutgreiing. Planforslaget vil omfatte eigedommane 91/3, 91/81, 91/129, 91/155, 91/197 og 91/241. Området er på totalt 19 daa.

Vurdering

Det er behov for nye bustadsområder i Hellesylt, og denne detaljreguleringa av område i nærleiken av sentrumstilbod, skule og barnehage vil vere ei fortetting av bustadfelt på Ringsdalsåsen.

Vegprosjekteringa vil foregå parallellt med planarbeidet.

Administrasjonen tilrår oppstart av planarbeid for detaljregulering av Hellesyltåsane.

Vedlegg:	Vedlegg:	Dok.ID
Dok.dato: 07.03.2022	Reguleringsplan Ringdalsåsane original_20141118_0001	323198
07.03.2022	Planinitativ detaljregulering Hellesyltåsane	323199
07.03.2022	Reguleringsføresegner Ringdalsåsen	323200

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Plan- og bygningslova